




Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO



Arkivkode
A11 &13

Vår ref.
09/1518 - Svarteberg Lundekvam

Dykkar ref.

Dato
09.07.2009

HØYRINGSNOTAT OM ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA - RETT TIL BARNEHAGEPLASS FOR BARN AV ASYLSØKJARAR

Ål kommune er i utgangspunktet positiv til forslaget om innføring av rett til barnehageplass for barn av asylsøkjjarar, men ynskjer å kome med fylgjande innspel:

- Ål kommune har pr d.d full barnehagedekning og det antal barnehageplassar som det er behov for, inkludert naturlege svingningar. Innføring av rett til barnehageplass for barn av asylsøkjarar vil utløyse behov for fleire nye barnehageplassar og ny utbygging i kommunen. Høyringsuttala seier ikkje noko om korleis ei utbygginga skal finansierast og kommunen ber om at finansiering av nye plassar vert utgreidd i forkant av lovendringa.
- I ein liten kommune med asylmottak vil andelen av minoritetsspråklege barn bli stor. Dette vil gje utfordringar i forhold til integrering og arbeid med språk. Høyringsuttala gjev ingen signal om korleis desse barnehageplassane skal driftast eller korleis ein skal løyse eventuelle behov for auka ressursar. Kommunen ber om at finansiering av plassane må utgreiast i forkant av lovendringa.

Med helsing

Odd Lossius
Sektorleiar

Grete Svarteberg Lundekvam
Rådgevar

